

**Som ein del av Folkemusikkveka 2012 vert det skipa tilspelemannskurs med vekt på lokale slåttar. Kurset er lagt til Uskedalen og tek til onsdag i neste veke**

Innan fristen er 12 påmelde. For det meste er dette medlemmer i Kvinnherad folkemusikklag. Kurset skal gå over fem veker med ein kurskveld i veka.

Instruktørane er dei velkjende hardingsfelespelarar Einar Mjøsnes og Frank Rolland. Mjøsnes kjem frå Voss og vart landskjend med Fanitullen som lenge var kjenningsmelodi på NRK sitt program Norsktoppen. Frank Rolland frå Utne har brei erfaring frå konsertverksemd og opplæring av nye folkemusikarar. Begge er ein del av fylkesmusikarane FYHND, har ei rekkje CDinnspelningar og har motteke spelemannsprisar.

Kurset i folke- og gamaldans fekk ikkje same interesse. Dette kurset vert teke oppatt til hausten.